

LAGAR PLAN FOR OPEN FORSKING

Forskningsrådet skal lage ein plan for open forskning. Senter for vitenskapsteori spør kva «openheit» egentleg tyder.

OPEN FORSKING Som om ikkje lanseringa av Plan S for open publisering av forskingsresultat allereie har skapt tilstrekkeleg kontrovers i forskingsmiljøa, så er Forskningsrådet no i ferd med å utarbeide heilskaplege retningslinjer for open forskning, som skal sendast ut på høyring før sommaren.

Dei skal dekkje tre tema: Opne forskingsprosessar, open innovasjon, og folkeforskning/brukarinvolvering. Dette er igjen tett knytt til tilsvarende utvikling internasjonalt, der spesielt EU-kommisjonen dei siste par åra har fram snakka openheit i forskinga gjennom «dei tre o-ane»: «open innovation, open science, open to the world.»

SPRIKANDE INNSPEL

Forsknings-Noreg vart nyleg invitert til å kome med innspel til retningslinjene, og mange nytta høvet. Innspela sprikar i mange retningar og tyder på at det rår ei viss forvirring kring kva openheitssjargongen egentleg inneber, og kven det er ein skal opne seg mot.

– Innspela viser at det på nokre felt allereie er gjort mykje, og då er det lettare å kome med konkrete framlegg enn på andre område, seier seniorrådgjevar Marte Qvenild i Forskningsrådet.

Utkastet til planen er under utarbeiding, men Qvenild trur det er vel så viktig å avklare kva som skal vere Forskningsrådet si rolle, og korleis rådet skal samarbeide med til dømes Universitets- og høgskulerådet og Unit, som er direktoratet for IKT og fellestenester i UH-sektoren. Begge desse arbeider også med planar for open forskning.

TEK ETTER EU

Planen kjem no fordi desse prosessane går føre seg i EU, meiner Roger Strand, professor ved Senter for vitenskapsteori (SVT) ved Universitetet i Bergen. SVT har levert eit eige innspel til Forskningsrådet. Her peikar dei på at ideen om open forskning kan ha ulike og til dels motsette tydingar. Ein politikk for open forskning bør ta mål av seg til å rydde opp i desse motsetnadene, heiter det i innspellet frå SVT.

Strand utdjuar:

– Frå ein ståstad starta det heile med open tilgang til forskingsartiklar, og eit ønske om å gjere forskingsresultat tilgjengelege også for dei som ikkje har råd til dyre tidsskriftabonnement.

I neste omgang vart dette utvida til også å gjelde forskingsdata. På begge desse områda er politikktutviklinga i dag komen langt, sjølv om det ikkje har gått heilt knirkefritt for seg, slik kontroversen rundt Plan S viser.

Men etter kvart har ideen om openheit



FOTO: CC BY-NC-SA 2.0

■ Forskningsrådets planar for open forskning legg seg nær tilsvarende satsingar frå EU-kommisjonen. Her lanseringa av EUs skyteneste for opne forskingsdata i 2018.

spreidd seg i så mange retningar at det ikkje lenger er eintydig kva det er, hevdar Strand.

DEMOKRATI ELLER KONKURRANSEKRAFT?

– Forvirringa er stor rundt kva open vitenskap er for noko. I starten handla det om å opne opp forskingsprosessane slik at andre aktørar enn dei etablerte, og dei som sit med andre typar kunnskap, også kjem til orde. I tillegg handlar det om at dei som forskinga vedkjem, får seie sitt om val av tema og metodikk. Dette er idear som går tilbake til 60-åra.

Etter kvart har det derimot skjedd ei forskuving, der omgrepet «open» blir brukt meir instrumentelt, meiner Strand. Særleg er EUs forskingskommisær Carlos Moedas konsekvent i si framstilling av «open forskning» som

eit middel til å sikre den europeiske konkurransekrafta, gjennom å effektivisere forskinga, auke innovasjonstakta og betre tilliten folk har til forskingssystemet.

I innspellet peikar SVT på at Forskningsrådet førebels ser ut til å leggje seg nært opp til EU i måten ein snakkar om open forskning på.

– Er det då ein dårleg idé at Forskningsrådet vil utforme ein heilskapleg politikk for dette? Nei, eg meiner det er forteneestefullt. Det trengst eit noko høgare presisjonsnivå, og det veit eg at Forskningsrådet er godt rusta til å få til. Innspelet vårt gjekk ut på å seie tydeleg frå, frå ein fagleg ståstad, om at dersom vi skal diskutere dette, må vi ta omsyn til den tvtydige måten ein snakkar om open forskning på, den historiske konteksten og dei kritiske perspektiva, seier Strand.

PLAN S VAR EIN VEKKJAR

Marte Qvenild i Forskningsrådet seier at dei ønskjer seg ein omfattande dialog i arbeidet vidare med retningslinjene. Erfaringane frå Plan S var ein vekkjar i så måte.

– Då såg det ut til at mange som ikkje var engasjerte i utgangspunktet, brått vakna og tok del i debatten. Når det gjeld open forskning, tykkjer eg nok at mange på leiingsnivå har vore engasjerte i dette lenge, men det har slått meg at ikkje så mange forskarar har teke del i diskusjonen. Men det trur eg er i ferd med å endre seg, seier ho.

◆ AV KJERSTIN GJENGEDAL

Forskningsrådets plan for open forskning

- samlar Forskningsrådets aktivitetar knytte til ulike aspekt ved open forskning i ein heilskapleg strategi
- har tre tema: opne forskingsprosessar, open innovasjon, og folkeforskning/brukarinvolvering
- blir send ut på høyring før sommaren, med svarfrist utpå hausten
- inkluderer ikkje Plan S, som er ein eigen prosess